

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE



§ 1 EIGARTILHØVE 1.1

Øystre Slidre kommune er eigar av Rogne barnehage og Beito barnehage

1.2 Barnehagane blir drive i samsvar med lov om barnehagar og dei føresegner, forskrifter og vedtak som til ei kvar tid er gjeldande.

§2 BARNEHAGANE SITT FØREMÅL

2.1 Ref. barnehageloven § 1: "Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet og nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og forskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering".

2.2 Barnehagane i Øystre Slidre skal leggje grunnlaget for å sikre eit heilskapleg utdanningstilbod med høg kvalitet.

§ 3 SAMARBEIDSUTVAL

3.1 Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd i samsvar med Lov om barnehagar. Foreldrerådet er alle foreldre/ føresette i barnehagen. Samarbeidsutvalet skal vere samansett av likt tal representantar frå foreldre/føresette og dei tilsette. (Jfr Lov om barnehagar § 4).

3.2 Kommunen som eigar vel ein kommunal representant med vara til samarbeidsutvalet(representasjonen følgjer kommunevalsperioden).

3.3 Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Barnehageeigar skal sørge for at viktige saker blir lagt fram for samarbeidsutvalet og foreldrerådet.

3.4 Val av samarbeidsutval skal gjennomførast innan 15. september i barnehageåret. Valperioden er inntil to år. Styrar er sekretær for samarbeidsutvalet.

§ 4 OPNINGSTID

4.1 Barnehageåret blir rekna frå 15.08 – 14.08.

Barnehagane er opne heile året, borsett frå romjul og to veker på sommaren.

Barnehagane er stengde jul- og nyttårsaftan og alle heilagdagar. Vi stenger kl. 12.00 onsdag før skjærtorsdag.

4.2 Barnehagane er stengt fem planleggingsdagar i året.

4.3 Den daglege opningstida er 07.15 – 16.45.

4.3.1 Barnehagane har stengt veke 29 og 30.

4.5 Levering og henting av barna er foreldra sitt ansvar. Foreldre må vise respekt for opningstida. Henting etter stengetid vil føre til eit gebyr.

4.5.1 For sein henting medfører ein skriftleg advarsel før gebyr.

4.6 Sal av enkeltdagar når det er ledig kapasitet.

4.7 I særskilde situasjonar har rådmann fullmakt til å endre opningstidene.

§ 5 AREAL OG PLASSAR

Ved fastsettjing av arealutnytting i barnehagane byggjer ein på dei rettleiande normene som departementet har for leike- og opphaldsareala (jfr Rundskriv Q- 0902 §12). Rettleiande norm for inneareal er 4 m² netto pr barn over tre år, og om lag 1/3 meir pr. barn under tre år.

Vi tilbyr 3, 4 og 5-dagarsplassar.

Barnehagane er slik godkjende for barn 1 - 5 år:

Rogne: 110 plassar

Beito: 55 plassar

Styrar kan vurdere fleire plassar om arealkrava er oppfylte.

§ 6 OPPTAK

6.1 Barn med folkeregistrert adresse i Øystre Slidre har førsteprioritet til opptak i barnehagane.

6.2 15.02 er frist for søknad om opptak etter lovfesta rett til plass etter barnehagelova § 16. Rett til plass i barnehage: «Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om Barnehageplass har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter «Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år.»

6.3 Ved opptak skal det leggjast vekt på følgjande i prioritert rekkefølge:

1. Barn med nedsett funksjonsevne, ref. §18 i barnehagelova.

2. Barn som har vedtak om omsorgsovertakelse eller frivillig hjelpetiltak etter lov om barnevernstjenester (barnevernsloven § 5-1 første ledd, a-d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b).

3. Barn frå heimar med særskild sårbare barn grunna store belastningar i familien (Lov om sosiale tenester i arbeids- og velfersforvaltninga).
4. Barn som allereie er i barnehagen, men ynskjer å auke tal dagar.
5. Skulestartere.
6. Søsken til barn i barnehagen.
7. Einslege forsørgarar.

6.4 Barnet må ha fylt 1 år for å få plass i barnehage

6.5. Barn som har plass i barnehage får halde på plassen fram til skulestart når dei er folkeregisterregisterert i Øystre Slidre kommune.

§7 RUTINER VED OPPTAK

7.1 Søknad skjer på elektronisk skjema som er lagt på Øystre Slidre kommune si heimeside.

7.2 Søknadsfrister blir kunngjort på heimesida.

7.3 Opptaket blir samordna med privat barnehage.

7.4.1 Barn som er søkt inn innan søknadsfrist, men som ikkje har rett på plass, vil få eit midlertidig svar i februar, og vedtak i september same år.

7.4.2 Ledige plassar kan tildelast etter vurdering av søknad heile året.

7.5.1 Eit opptaksutval, samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og representant frå leiarnivå har ansvar for opptak i kvar barnehage etter innstilling frå sakshandsamar i administrasjonen.

7.5.2 Klage på opptak gjort i opptaksutvalet skal endeleg avgjerast av formannskapet som er kommunal klagenemnd.

§8 FERIAR OG FRÅVÆR

8.1 Barn skal ha 4 veker med ferie i løpet av barnehageåret, 15.08 – 14.08. Alle barn skal ha 3 heile veker med ferie i tida 01.05 – 14.08, og to ferieveker skal vere samanhengande. Raude dagar inngår ikkje som feriedagar.

8.2. Ved samanhengande sjukefråver meir enn 14 dagar, kan ein bli friteken for foreldrebetaling dersom det blir lagt fram legeattest.

§9 FORELDREBETALING

9.1 Kommunestyret vedtek satsane for foreldrebetaling i samband med årsbudsjett.

9.2 Det er høve til å søkje om friplass for barn med funksjonshemminger eller når økonomiske/sosiale tilhøve ligg til grunn. Det er utarbeidd eigne retningsliner for søknad om friplass/redusert betaling, sjå eige skjema på kommunen si heimeside.

9.3 Foreldrebetaling blir kravd inn elleve månader i året.

9.4 Innbetalingssystemet er delt inn i terminar – kvar termin går frå den 1. i månaden til månadsslutt. Betaling skal skje innan forfallsdato.

9.5 Barnehageplassen fell bort ved skuldig foreldrebetaling for tre – 3 månader.

§ 10 OPPSEIING

10.1 Oppseiing av plassen eller delar av plassen skal skje skriftleg, viser til elektronisk skjema som ligg på kommunen si heimeside.

10.2 Plassen må seiast opp skriftleg med ein månads varsel.

§ 11 POLITIATTEST

Den som skal arbeide i barnehage må leggje fram tilfredstillande politiattest.

§ 12 TAUSHETSPLIKT

Alle som arbeidar eller utfører teneste i barnehagane har taushetsplikt etter dei generelle bestemmelsane i forvaltningslova.

§ 13 IKRAFTTREDEN

Vedtekten er vedteke av kommunestyret 09.03.2023, og gjeld frå vedtaksdato. Det er nokon unntak i ikrafttreden på endringane:

§ 3 SAMARBEIDSUTVAL : Gjeldande frå ny kommunestyreperiode hausten 2023

§ 4 OPNINGSTID: Gjeldande frå 1. april 2023

§ 6 OPPTAK: Gjeldande frå barnehageåret 2024-2025